


Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Langheiane B8 og B9, gnr. 188, bnr. 772, 775, 776, m.fl., i Lindås kommune.



Orion Prosjekt AS er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet, i samarbeid med arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS.

Planområdet ligg sentralt i Knarvik, langs Lonsvegen rett nordaust for sentrum, og er på om lag 28 daa. Området er regulert i områdeplanen for Knarvik Aust.

Føremålet med planen er å leggja tilrette for utbygging av to bustadfelt. For felt B8 planlegg ein familiebusadar i form av lågblokker/rekkehús. For felt B9 planlegg ein for leilegheiter i blokker. Målet er å leggja hovuddelen av parkering under bakken. For B8 vil det vere aktuelt med ein lågare utnytting, og for B9 vil ein vurderer om ein skal auka utnyttinga noko i forhold til det områdeplanen opnar opp til. Totalt sett for B8 og B9 vil ein halde seg innanfor det områdeplanen har regulert som maksimal utnytting for dei to felta.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Innspel eller merknader som angår løysingar eller gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller e-post: post@ardarealplan.no

Frist for merknader er satt til **18. mars 2016**.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00

Ard
arealplan